

Bygdeblad

Nr 01-09



Tlf. 35024868 Faks:

35024825

bygdesentralen@hjartdalsbygda.no

Ut på tur aldri sur

Innhald:

Telemark junaiten

Misjonshuset

Kurs

Slåttefestival, fest

Hjartdal i. lag

Kulturlandskapssenter

Solfest

Fotpleie

Bibliotek

Bjødrebakken

Møteplan

Hjartdal pensjonist lag



Telemark Junaiten!

DVD frå Telemark Junaiten får du kjøpt på Gvammen handel

og bygdesentralen Pris kr. 100,00

Til deg som var med i dugnadsgjengen er prisen kr.50,00.

Filmen er eit amatør opptak, ikkje beste lyd og bilete .
Det blir eit minne for ettertida.

Spelet ”Telemark Junaiten” gikk økonomisk bra, overskotet blei satt på bok til vidare samarbeid med Grenland friteater.

Styret!

Hjartdal Misjonshus

- Tysdag 10,02 Møte
- Tysdag 17,02 Møte
Misj. Marta Irene Eriksrød
- Tysdag 03,03 Møte
- Fredag 20,03 Årsmøte
- Tysdag 24,03 Møte
Regionsleiar S.T.Bamle

Normisjonens venner

- Måndag 02,02 hos Todne Hovdejord
- Måndag 02,03 hos Anne L. Haugland

Kurs!

Datakurs: Er du ein av dei som er heilt grøn når det gjeld data,

meld deg på kurs hos oss. Her vil du få opplæring frå du slår på maskina. Når du kjem inn i dataverda, vil du finne mykje interessant.

Stad: Gvammen skule

Ta sjansen og meld din interesse.

Aldringsmåling.

Kreativitet og litt kunstnerike anlegg vil komme fram i dette kurset.

Sjå deg rundt, kanskje du fer å sjå ein ting som treng litt måling.

Det kan vera lite eller stort, ta sjansen, meld deg på kurset.

Kurs i sølvarbeid

Vil du lage deg eit smykke som ikkje er lik de dei andre har, eller treng du eit puff for å komme i gang med noe du kan litt frå før grip sjansen nå, meld deg på.


Mobil kurs, er det interessant for deg , gi beskjed.

Har du spørsmål rundt kursa, tid og stad, ta kontakt med bygdesentralen tlf. 35024868.

Ps. Kursa passar både for unge og litt eldre.

Datakurs i Sauland.

Sauland ungdomslag startar opp med datakurs for nybegynere



Slåttefestivalen

Inviterar til vinterfest på Nordbø pensjonat

Laurdag 7. feb. kl. 19.30

Dans til 2 av medlemmene i

ASFALT COWBOYS fra Notodden.

De spiller coverlåter av Contry-Creedens- Willy Nelson- Hellbillis osv!!

**Meny: Svinesteik m/ tilbehør, dessert /
kaffi**

FOR ALT DETTE BETALER DERE KUN KR 200.00

(Slåttefestivalen sponser dette arrangementet)

Påmelding: Innen 2. Feb.

Bygdesentralen 350 24868 eller Nordbø Pansjonat

980 81 784

Hjartdal I. lag

Matconteinere!

Hjartdal idrettslag manglar to mat conteinere.

Har nokon sett dei, eller lånt dei. ?

Gje beskjed til Siv Anita tlf. 99375312

eller bygdesentralen tlf. 35024868

Onsdagstrimmen fortsett...

Kvar onsdag kl 19.30 fram mot påske inviterar Hjartdal IL til inne trim for dei over 18 år på Gvammen skule.

Våre suverene instruktørar Helge B. og Kirsti H.

har eit opplegg som trenar dei store muskelgruppene, og passar for ALLE!

Det er hyggeleg og trene saman, så bli med uansett kva for treningsgrunnlag du har.

Så husk ONSDAGAR Kl 19.30 på Gvammen skule.

Kronerulling til Bergtun utbygginga

Byggeprossessen på Bergtun går jevnt og trutt framover, og jammen gjer byggekostnadane det og. No på slutten dreg for alvor investerings kostnadane på, og etter eit møte med byggekomitèn, kom vi opp med kronerulling som eit finansieringsalternativ.

Styret i Hjartdal Idrettslag har starta kronerulling til Bergtun

ved og gi 1000 kr. Vi oppfordrar med dette **alle** bygdefolk, bedrifter og næringsdrivande til og gjere det same.

Gje etter lommeboka og utfordre kvarandre er oppmodinga frå styre og komitèn. Send mail om du ynskjer å utfordre



Me arbeider for tida med:

* **Prosjekt Kulturlandskap**, eit samarbeid med Norsk Kulturarv og Slåttefestivalen, på midlar frå Landbruks- og matdepartementet.

I samband med dette er me i gang med å førebu eit undervisingsopplegg for born og unge kalla ”**Ut i mark og eng**” for borneskulane i Hjartdal og Flatdal, samt 8. klassene i Hjartdal og Seljord. Dei unge skal m.a. ut og prate med eldre om jordbruk før og no, på utferd, samt lære å slå med ljå i forkant av Slåttefestivalen. Me arrangerer også fagseminar fredagen under Slåttefestivalen med tema **bruk og vern i seterlandskap**.

* **Beiteprosjektet**. Karoline Hartviksen er engasjert for oss i Beiteprosjektet i Sauland med forgreiningar til Tuddal.

Utvalde kulturlandskap. Kulturlandskapsenteret skal i møte med Fylkesmannen og fylkeskommunen den 26/1 om førebuingar for ev. å få med Hjartdal og ev. Svartdal i neste runde av ”Utvalde kulturlandskap”.

Sjå elles nettsidene våre for meir informasjon om aktivitetar og tenester: www.kulturlandskapsenteret.no

Solfest i Hjartdal! SOLFEST

2009! 🌞 🌞 🌞

Solfest på nytt
ingen vert snytt.
Stiller med SOL-smil,
og festleg gemytt.

Lita og sær,
kosleg og svær,
solvarme jente;

KOM SOM DU ER!! 😎

Det blir Solfest på Nordbø pensjonat/ Hjartdal kulturka-
fé, fredag 6. mars kl. 18.

Tema i år er 80-talsstil. Kle deg ut (hvis du vil), og møt
opp på Nordbø`n med sminketaska og tilbehør (gjerne
krølltang/ kreppetang), så pyntar me kvarandre som

BEST me kan. 😊

Meny: -oksesteik m/rødvinsaus og tilbehør
- kaffe og kaker

Pris: 300,-, betales kontant ved inngang. Aldersgrense
18 år.

Finn fram dei sprelske klea dine fra tidlegare og festhu-
møret ditt, me gledar kánn til á sjá DEG!

Hei sambygdingar!

**Er det nokon som har eit hus til leige for to som vert huslause
frå mars månad, da kjem det nye eigarar på Skogheim.**

Kontakt oss på telefon. 35024949/ 94870297

Helsing Anita og Charlotte Olson.

Fotpleie i 2009!

Neste fotpleie er 24/01—09

"	21/03 –09
"	09/05 –09
"	04/07 –09
"	24/08 –09
"	31/10 –09
"	19/12 –09

Ledige timar.

Ring 35024868 for bestilling

Biblioteket!


Er du ein av dei som får lyst til å sette deg ned med ei god bok,? så gjer det, men ta turen fyrst innom biblioteket, der finner du bøkar du kan slappe av med.

Kveldsopent kvar torsdag mellom kl. 16,00 og 19,00.

Dagtid, kontakt frivillighetsentralen.

Bruk biblioteket, det er viktig!

Ellen!



Treffpunkt Bjødrebakken!

Ski, snowbord, kjelke.

Kvar torsdag kl.18,00 til 20,00 blir det lagt til rette for å møtast i sjoen. Utstyr velgjer du sjølv. Der køyrast løyper og det vil vera fint om både vaksne, ungdom og ungar kjem ut i sjoen og få frisk luft.

(Data`n har avknapp)

Hoppgruppa fikser utstyr, om du manglar eller har lyst til å prøve noe anna.

Jon Bekkhus Tlf. 90024925

P. 35024834

Plan for møter og andre arrangement våren 2009

<u>Navn</u>	<u>Dato</u>	<u>Tid</u>
<u>Stad</u>		
Styremøte slåttfest. H.T.B.	Tysdag 27/01	kl. 18,00
Vinterfest pensjonat	Laurdag 07/02	Nordbø
Møte i ryddegr. ”	Søndag 08/02	kl. 16,00
Styremøte H.T.B. ”	Tysdag 24/02	kl 10,00
Solfest pensjonat	Fredag 06/03	Nordbø
Slåttemarkmarknads		
Komiteen ”	Søndag 08/03	kl. 19,30
Styremøte H.T.B. ”	Tysdag 24/03	Årsmøte kl. 19,00
Styremøte H.T.B. ”	Tysdag 14/04	kl. 10,00
Styremøte H.T.B. ”	Tysdag 12/05	kl 10,00

Bygdeblad!

Bygdebladet kjem ut ein gong i månaden.

Annonsering og anna informasjon til bladet bør koma inn rundt 20. i kvar måned.

Lag og foreiningar bør bli flinkare til å melde inn aktivitetar og anna informasjon, så heile bygda blir meir involvert.

Ved å samle informasjon i eit blad er det ikkje så lett og gløyme

møter og anna vi skal være med på.

For at bygdebladet skal koma ut kvar måned, må det være nok stoff til bladet.

Me tek imot alt , gratulasjonar, annonser, innlegg med ris og ros, m.m.

Gåve til bygdebladet : kontonr. 26990706955.

På forhand takk!

Hjartdal pensjonistlag!

Ja et årsmøte, no må til, eg håper alle som vil. Vera med i laget vårt, og me treng eit lag så sårt, og me har det veldig bra, så formann blir veldig glad, for alle snille og godt humør,
ja alle i nord og sør.

Telemark avløysarlaget!

Hei!

I februar/mars håpar eg å ha på plass ein landbruksvikar, for Seljord og Hjartdal bygd, i redusert stilling. Ein ung mann som har vore lenge i avløysaryrket.

I tillegg til sjukdomsavløysing vil det verte naudsynt å bruke han til ferie/ fritidsavløysing.

Ring for nærmare info. Håpar de er med å dra "lasset"

Mvh.

SynNøve Haaberg

Telemark avløysarlag

Tlf. 35024760

Kontordag: måndag,

tysdag og

